



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Naturutvalet  
**Møtedato** 13.10.2020  
**Møtetid:** Kl. 15:00 - 18:40  
**Møtestad:** Biblioteket på Bjørkheim

Av 9 medlemmer møtte 9, inkludert varamedlemmer.

<b>Medlemmer møtte:</b>	<b>Parti:</b>
Gunn Østvik Petersen	Ap
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	Bl
Ove Totland	Bl
Øyvind Steinsland	Bl
Karl Bård Kollbotn	Frp
Linda Haug Kollbotn	Frp
Oskar Røen	MDG
Monica Tjønnå	Sp

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>Parti:</b>	<b>I staden møtte:</b>	<b>Parti:</b>
Thorvald Moe	H	Oddrun Lemme Sandvin	Ap

### Møtenotater:

#### Andre som var tilstades i møte:

Oddrun Sandven Lemme (Ap) møtte for Thorvald Moe (H).

Hilde-Lill Våge -leiar samfunnsutvikling møtte i heile møtet.

Ragnhild Lønningdal - planleggar møtte sak 18-21/20

Øystein Svalheim - landbrukssjef møtte i heile møtet.

Knut Harald Frøland - Ordførar møtte sak 18-21/20

Anja Elisabeth fekk permisjon frå kl. 17.00 og deltok ikkje under skriv og meldingssaker.

<b>Møteleiar:</b>	Karl Bård Kollbotn
<b>Møtesekretær:</b>	Hilde-Lill Våge

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 14.10.2020

---

Karl Bård Kollbotn  
leiar i utvalet

---

Hilde-Lill Våge  
einingsleiar samfunnsutvikling

Desse sakene vart handsama:

## Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
018/2020	20/832	Faste saker	
019/2020	18/1011	Vedtak av Kommunal planstrategi 2020-2023	
020/2020	19/731	Moglegheitsstudium Bjørkheim - innhald og føremål	
021/2020	18/554	Vedtak av kommunedelplan for Fv. 49 Tunnel forbi Tokagjelet	

## SAKNR. 018/2020: Faste saker

### 13.10.2020 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Leiar Karl Kolbotn orienterte om at sak 19/2020 kunne vert trekt frå saklista, og rådmannen ville gje ei orientering på teams.

Utvalet slutta seg til å få handsama informasjon og referatsaker etter sak 21/20.

#### Informasjon og orienteringssaker:

- Forvaltning – påkopling VA

Me har ca. 15 nye påkoplingar til kommunalt vatn hittil i år. Det vert og jobba for påkopling av både vatn og avløp på Rødne ettersom det er fleire førespurnader. På Indre- og Ytre-Tysse vert arbeidet med å få etablert kommunalt VA-anlegg starta oppatt, etter å ha vorte forsinka pga. Covid 19.

Leiar Karl Kolbotn (Frp) – ønska informasjon om korleis slamtømminga vert handtert til neste møte.

- Teigavika

Badevika begynner å ta form og kan ferdigstillast innan 2020. Det vert utarbeidd byggjerekneskap.

- Akvakulturplan – oppstart

Det er inngått kontrakt med ABO-Stord etter anbudsrunde. I denne veka vert det møte med både oppdrettarar, VFM, VFK mm. I framdriftsplan tek me sikte på å få planstrategien for planen til naturutvalet den 15. november.

- Arbeidstilsynet – asbestdokumentasjon

Kommunen har fått pålegg om å utgreie rapport for aspest i kommunale bygg. Me har fått to utsettingar av Arbeidstilsynet pga. forseinkingar i samband med Covid 19. Framdriftsplanen no er å få starte opp arbeidet i november og få laga ein eksternrapport.

- Gangveg til Hagabotnane

Kommunen sjekkar no ut avtalar og juridiske vurderingar som vart inngått då kommunen la vassleidninga for ei tid tilbake i ein av dei føreslått traseane. Utvalet får val av trase til handsaming.

- Vegnummerering

Underadressering av eigedommar vert avslutta i 2020. Det vil då stå att nokre få vegar utan underskilting, som det ikkje er budsjett til i 2021. Dersom det er midlar att i vegbudsjettet for 2021 er det ønskje om å fullføre prosjektet.

- Klimarekneskap

Klimarekneskapan vert lagt fram som eigen sak til neste møte.

- Akutt forureining - Gruvo

Prøvene som er tatt i avrenningsvatnet ute i Gruvo – ligg framleis til analyse. Mellombels svar viser at det mest sannsynleg er liten førekomst av forureining. Endeleg rapport vert lagt fram når den ligg føre.

- Akutt forureining – Båt som sank i Rolvsvåg

Samnanger kommune er medlem i IUA Bergen regionen, som er beredskap mot akutt forureining. <https://www.vestbrannregion.no/wp-content/uploads/2019/05/Vedtekter-for-Vest-brann-og-redningsregion.pdf>

Havariet meldast til brannvesenet som då rykker ut med IUA sitt oljevernmateriell.

Kommunen får og melding, og startar snarast sak med eigar i tråd med forureiningslova. Det vert då gjeve pålegg om heving/sikring.

- Vassforskrifta

Kommunen er med i eit spleiselag for drift av vassområda 2021-2027. Samnanger er med i vassregionen Vest og representert ved eit medlem – leiar naturutvalet. Vassregionen skal jobbe for ei heilskapleg forvaltning av grunnvatn, ferskvatn og kystvatn. Føremålet er å sikre og beskytte berekraftig bruk av vassmiljøet.

- Oppfølging - sikring av gamle hus

Kommune har dialog med eigar av gamalt hus ved Samnanger ungdomsskule, og sett frist for

sikring/utbetring. For hus nummer 2 ved Tusenårsparken har teknisk forvaltning starta handsaminga. I slike saker vert huseigar kontakta og det vert sett ein frist for tilbakemelding om sikring/utbetring. Dersom pålegg ikkje vert følgt opp vert det gitt pålegg om riving.

- Statkraft har kontakta kommunen og varsla om ilandføring av ny trafostasjon til Børdalen i august 2021. Dei har avtale om bruk av kaia, noko som er teke omsyn til i reguleringsplanen. Båtforeining som ligg ved kaia i dag har ein midlartidleg oppseieleg avtale.

Landbrukssjef – Øystein Svalheim orienterte om viltforvaltninga i Samnanger og konsekvensar for å endre storleiken på valda.

Utvalet bad om landbrukskontoret om å arrangere eit ekstramøte i naturutvalet i januar/februar 2021 der t.d. 2 frå kvart vald og vert invitert til dialogmøte. Agenda på møtet er å få informasjon og gå igjennom statistikken for avskytinga gjennom åra. Målet er å motivere til høgare uttak av hjortevilt, følgje opp bestandplanane, og få til samarbeid om uttak av fleire dyr.

#### **NAT- 018/2020 Vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

## **SAKNR. 019/2020: Vedtak av Kommunal planstrategi 2020-2023**

### **13.10.2020 Naturutvalet:**

Handsaming i møtet:

Leiar Karl Kolbotn (Frp) og Rådmann Ingebjørg Vamråk (på teams) orienterte kort om Samnanger sitt delegeringsreglementet § 6.4, der formannskapet har fått delegert innstillingsrett til kommunestyret om planstrategi (PBL§10-1) og kommunen sin samfunnsdel (PBL kap. 11).

Administrasjonen var gjort seg til kjenne med dette etter at saklista vart sendt ut til naturutvalet.

Formannskapet får difor planstrategien til handsaming den 15.10.20. og handsaming av høyringsuttalane. Kommunestyret gjer endeleg vedtak. Naturutvalet er Samnanger kommune sitt planutval med unnatak av planar jr. § 6.4 i delegeringsreglementet.

Utvalet slutta seg til trekke saka frå saklista.

#### **NAT- 019/2020 Vedtak:**

Samrøystes vedtak om å trekke saka frå saklista.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova §10-1 vert Kommunal planstrategi 2020 – 2023, dagsett 28.09.2020, for Samnanger kommune vedteken.

## **SAKNR. 020/2020: Moglegheitsstudium Bjørkheim - innhald og føremål**

### **13.10.2020 Naturutvalet:**

Handsaming i møtet:

Naturutvalet drøfta innhaldet i eit moglegheitstudie. Det var og ønskje om å få vurdert moglegheiter for utvikling for området rundt Pøyla og Lauvskarsmyra. Administrasjonen viste til at heile moglegheitsstudiet gjeld for heile områdeplanen der både Pøyla og Lauvskarmyra er med, men at den har eit særskilt fokus på utvikling av sjølve Bjørkheim.

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

### **NAT- 020/2020 Vedtak:**

Moglegheitsstudiet for Bjørkheim har som føremål å danna grunnlag for å svara på følgjande problemstillingar:

- Korleis kan Bjørkheim bli ein fantastisk stad å bu, for alle slags folk i alle aldrar?
- Korleis kan Bjørkheim bli ein attraktiv stad å driva næring?
- Kva er moglegheitene for kommunen si tomt nede ved Grunnvågen, og korleis kan den vera med å bidra til attraktiviteten til Bjørkheim?

Det må særleg setjast fokus på kva som er samanhengane i området:

- Gåande og syklande i samspel med bilar og tungtransport.
- Estetiske grep for å føra folk «den rette vegen», med tanke på tryggleik og for å finna fram.
- Estetiske grep for å gjera fellesareal og offentlege areal attraktive for opphald.
- Finna beste lokalisering av offentleg toalett, bubilparkering, bubiltoalett-tøming.
- Utvikling av kommunen si tomt F/K/T1 må plasserast inn i ein samanheng med torg, park, småbåthamn, parkering på o\_PP1 og eksisterande strandline/naturkvalitetar.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Moglegheitsstudiet for Bjørkheim har som føremål å danna grunnlag for å svara på følgjande problemstillingar:

- Korleis kan Bjørkheim bli ein fantastisk stad å bu, for alle slags folk i alle aldrar?
- Korleis kan Bjørkheim bli ein attraktiv stad å driva næring?
- Kva er moglegheitene for kommunen si tomt nede ved Grunnvågen, og korleis kan den vera med å bidra til attraktiviteten til Bjørkheim?

Det må særleg setjast fokus på kva som er samanhengane i området:

- Gåande og syklande i samspel med bilar og tungtransport.
- Estetiske grep for å føra folk «den rette vegen», med tanke på tryggleik og for å finna fram.
- Estetiske grep for å gjera fellesareal og offentlege areal attraktive for opphald.
- Finna beste lokalisering av offentleg toalett, bubilparkering, bubiltoalett-tøming.
- Utvikling av kommunen si tomt F/K/T1 må plasserast inn i ein samanheng med torg, park, småbåthamn, parkering på o\_PP1 og eksisterande strandline/naturkvalitetar.

## **SAKNR. 021/2020: Vedtak av kommunedelplan for Fv. 49 Tunnel forbi Tokagjelet**

### **13.10.2020 Naturutvalet:**

Handsaming i møtet:

Utvalet drøfta framlegg til vedtak, og kom fram følgjande tilleggspunkt sett fram av Karl Kolbotn (Frp) og Monica Tjønnna (Sp): "Tiltaket bør finansierast utan bompenger, men dersom det det vert bompengar krev Samnanger kommune at eksempel 1 (s.95 pkt 6.5.2 Bompengelopplegg i plan omtalen) mtp bompengefinansiering vert inne i ny tunnel.

Samnanger kommune ber om at mest mogleg LNF og dyrka mark vert uberørt"

### **NAT- 021/2020 Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 11-1 tredje ledd og 11-15 vert det gjort endeleg vedtak av kommunedelplan for Fv. 49 Tunnel forbi Tokagjelet, PlanID 1242201701. Planen består av føresegner og retningslinjer, plankart og planomtale, for strekninga Eikedalen (E3) til Kletten (B1). Planen er utarbeidd av Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune.

Tiltaket bør finansierast utan bompengar, men dersom det vert bompengar krev Samnanger kommune at eksempel 1 (s.95 pkt. 6.5.2 Bompengelopplegg i planomtalen) mtp bompengefinansiering vert inne i ny tunnel.

Samnanger kommune ber om at mest mogleg LNF og dyrka mark vert urørt.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 11-1 tredje ledd og 11-15 vert det gjort endeleg vedtak av kommunedelplan for Fv. 49 Tunnel forbi Tokagjelet, PlanID 1242201701. Planen består av føresegner og retningslinjer, plankart og planomtale, for strekninga Eikedalen (E3) til Kletten (B1). Planen er utarbeidd av Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune.